



Justis- og beredskapsdepartementet,
Rednings- og beredskapsavdelingen

Sendt på e-post til: postmottak@jd.dep.no

Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
13/2699 - VN

Vår ref.
2013/1394 - 17435/2013

Saksh. – tlf.
Roy-Erik Hansen - 56 09 72 27

Dato
15.08.2013

Høyring NOU 2013:5 - Når det virkelig gjelder

Fjell kommune viser til høyringsbrev av 16.05.2013 og sender med dette innspel til utgreiinga.

Om Fjell kommune.

Fjell kommune er ein av nabokommunane til Bergen kommune og ligg i det geografiske området som har størst befolkningstetthet i Hordaland. Eit viktig særtrekk for kommunen er både stor befolkningsvekst og stor næringslivsaktivitet med press på infrastrukturen. Etter lov om kommunal beredskapsplikt må kommunen vera budd på å møta eit stort spekter av uønska hendingar.

Fjell kommune sine merknader oppsummert:

- **Utvikling og styrking av Sivilforsvaret.** Fjell kommune finn det beredskapsmessig forsvarleg at ordninga med bistand frå Sivilforsvaret/ein statleg forsterkningsstyrke vert vidareført og vidareutvikla.
- **Kompetanseheving og talet på innsatspersonell.** Slik Fjell kommune ser det, er kompetanseelementet og materielloppgraderinga godt omtala i høyringa, men vi saknar ei grundig behovsvurdering for dimensjoneringa av innsatsstyrken.
- **Befolkningsvarsling.** Eit nytt nasjonalt system for befolkningsvarsling basert på SMS-varsling til geografisk område, bør opprettast av staten. Utrykningsetatane og andre offentlege etatar som har trong for å nytta slik varsling, bør få tilgang og tilbod om å nytta systemet, og ordninga bør knyttast til DSB-CIM. Ansvar for drift av denne tenesta bør utgreiast og plassast sentralt i den nasjonale beredskapsordninga.

- **Samvirkeprinsippet.** I det vidare arbeidet med utvikling av ny statleg forsterkningsressurs, vil det vera tenleg at ansvaret og utøvinga av samvirkeprinsippet i samfunnsberedskapen vert plasserte hos den statlege forsterkningsressursen.

Erfaringar med statleg forsterkningsressurs.

Frå om lag år 2000 har Fjell kommune vore vertskommune for FIG-Fjell. Dette har gitt erfaringar i høve til ein statleg forsterkningsressurs ved krise- og beredskapsinnsats. Erfaringar med store og små hendingar dei siste 20 åra i Fjell kommune har vist at det er eit tydeleg behov for ein effektiv, allsidig og kraftig statleg ekstraressurs ved eit stort spekter av hendingar, først og framst som støtte til det ordinære brann- og redningsapparatet, men òg i høve til storhendingar som har kravd innsats og utfordringar for det kommunale beredskapsapparatet. Døme på dette er langvaring storbrann (lyng/skog) , skipsforlis (M/S "Rocknes") med mange omkomne og alvorleg oljeforureining, og arbeidet med H1N1-pandemien i 2009. Ved storhendingane har det frå den statlege ekstraressursen/Sivilforsvaret vore etterspurt eit stor antal personell med organisert innsatserfaring og materiell. For å styrka den kommunale grunnberedskapen i samsvar med lovgivinga, vil det for beredskapskapasiteten i kommunane vera tenleg med både kompetanseheving og utvikling av materiellstandarden i ein statleg forsterkningstyrke. Sett i høve til det totale beredskapbiletet, vil det òg vera tenleg å avklara korleis samvirkeprinsippet skal få betydning i praksis og kva ordning for befolkningsvarsling som er mest hensiktsmessig nasjonalt.

Oppsummering. Slik kommunen ser det, er det naudsynt at ein statleg forsterkningsstyrke vert vidareutvikla med moderne og allsidig utstyr og kompetanse til å møte hendingane som er omtala i nasjonalt risikobilete 2013. Mannskapstal må vera stort nok til å sikra kontinuerleg beredskapsinnsats for ei rekke hendingar og i ei sental leiing må m.a. samvirkeprinsippet vert tydeleg i organiseringa. Ei tidsaktuell befolkningsvarsling bør utviklast nasjonalt, og eksisterande nasjonal tyfonordning som vert drive av Sivilforsvaret, bør avviklast.

Ved større uønska og/eller komplekse hendingar, vil kommunen ha trong for ekstern bistand frå ein robust statleg beredskapseining med god kompetanse, moderne materiell og godt personlig utstyr.

Med helsing

Steinar Nesse (s)
rådmann
ef



Roy-Erik Hansen
beredskapsleiar